



Styringsgruppene i Eidfjord - Granvin - Ullensvang og Ulvik kommunar

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/429-18 Saksh: Aud Opheim Lygre Arkivkode Dato:  
Journalpostid: 15/331 Telefon: 53 67 35 04 K1-026, K2- 21.01.2015

## Møtereferat frå styringsgruppemøte - kommunestruktur

Tid : 19. januar kl 16.00 – 18.00  
Stad : Heradshuset i Kinsarvik  
Desse møtte: *Styringsgruppene i dei fire kommunane, koordinator/rådmann i Ulvik og rådmennene i Granvin og Eidfjord*

### Bakgrunn for møtet

I samband med det pågåande arbeidet med kommunereform kalla ordførarane i dei fire nemnde kommunane inn til eit fyrste innleiande felles møte for dei fire styringsgruppene som er nedsette. Føremålet med møtet var å skapa sams forståing om bakgrunn, føresetnadar og vidare arbeid i saka.

### Innleiing

Koordinator Joakim Øren innleidde og fortalde om bakgrunn for saka og om sentrale/nasjonale føringar. Han synte også til nettstader der politikarane kan følgja med på sentral informasjon, og ulike verktøy som kan vera nyttige:

[www.kommunereform.no](http://www.kommunereform.no) og [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no)

### Mandat og rapport

Dei fire rådmennene har fått eit mandat i høve ei administrativ utgreiing. Utgreiinga skal vera den felles plattform som alle kan bruka vidare, og som skal gje det objektive grunnlaget for vidare politisk arbeid.

Joakim Øren har sagt ja til å ta på seg koordinatorrolla. Intensjonen er at den administrative utgreiinga skal vera ferdig i juni 2015. Då vert rapporten lagt fram for kommune-/heradsstyra, til orientering.

Metoden for arbeidet med rapporten vil vera å samla inn informasjon, gjennomgå, velja ut og samanstill i ein rapport. Arbeidet kjem til å involvera tilsette i alle dei fire kommunane. Rådmennene skal vera styringsgruppe.

Målgruppa for rapporten er politikarane, men han må også kunna lesast, forståast og vera nyttig for innbyggjarane.

### Status i dei fire kommunane

Alle kommunane har gjort vedtak om utgreiing. Granvin har eit todelt vedtak, og Ullensvang herad har vedteke to ulike utgreiingar.



Alle har sett ned styringsgrupper og har ordførarane som forhandlar. Nokre styringsgrupper er formannskapet; andre har med gruppeleiarane.

### **Innspel under ordskiftet**

#### Informasjon og involvering:

- ◇ Det er eit krav at innbyggjarane skal høyrast, men det er fritt korleis.
- ◇ Kommunane bør vera litt samkøyrde i høve folkemøte, og me er for tidleg i prosessen til å arrangera dette no. Tidleg i juni kan vera eit aktuelt tidspunkt.
- ◇ Folk bør involverast tidleg i prosessen. Det er alt eit stort engasjement; særleg frå dei som bur desentralt.
- ◇ Folkemøte som skjer no er viktige – der skal folk få koma med meiningane sine, og me politikarar skal lytta.
- ◇ Me har alt mykje informasjon som innbyggjarane kan få - Granvin hadde det første folkemøtet alt i oktober 2014.
- ◇ Det bør bestemast ein framdriftsplan for folkemøte/involvering. Planen skal presenterast for innbyggjarane. Til eit folkemøte må ein ha noko «på bordet» først.
- ◇ Innbyggjarane skal få seia det dei meiner, men det er mange måtar å gje og få informasjon på. Kommunale heimesider er ein informasjonskanal.

#### *Referenten si oppsummering:*

Folkemøte er viktige, og politikarane stiller opp på dei møta som vert arrangerte. Det er opp til kommunane kor ofte dei legg til rette for folkemøte. Samordna folkemøte i kommunal regi kan/bør skje i same tidsperiode. Første veka i juni er ei aktuell tid for eit slikt møte. Då er truleg den administrative utgreiinga ferdig, og me kan informera om innhaldet og høyra folkemeiningane før rapporten vert teken opp politisk.

Kommunane bør leggja ut aktuell informasjon om kommunereformarbeidet på heimesidene sine.

Etter kvart som prosessen skrid fram, bør kommunane samkøyra seg meir; t.d. i høve korleis ein formelt skal høyra folket si meining.

#### Vegen vidare:

- Det er eit mål at den administrative utgreiinga vert lagt fram for politikarane i juni 2015. Rapporten vert truleg eit viktig dokument for heilskap og fakta for kommunane, og dannar grunnlaget for den vidare politiske prosessen.
- Det politiske arbeidet med ein intensjonsavtale vil pågå parallellt med den administrative utgreiinga.
- Ordførarane vil informera styringsgruppene og kommunestyret framover.
- Kan folkevaldopplæringa til hausten vera eit fellesprosjekt ?
- Hadde det vore ein idé med eit visjonsmøte – «Kva vil me med regionen vår ?/Kva kan me få til i ein ny kommune ?»
- Styringsgruppene må samlast når den administrative utgreiinga er ferdig.

#### *Referenten si oppsummering:*

Arbeidet med administrativ utgreiing og intensjonsavtale vert arbeidd med parallelt. Ordførarane og rådmenn syter for informasjon i eigen kommune. Styringsgruppene møtest samla når den administrative utgreiinga ligg føre. Felles folkevaldopplæring til hausten skal vurderast.



Aud Opheim Lygre  
referent/rådmann i Eidfjord kommune

Kopi til arkiv og kopibok